Førsteblad 

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. 7 Skav — Herad: Kvam

Emne: Skav — Bygdelag: Øystese

Oppskr. av: Jakob H Vik — Gard: Vik. övre

(adresse): Øystese — G.nr. 42 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

II. Tilleggsliste til nr 7

1.
Dersom ein brukar skav og ris og almebast om våren etter at skogen er lauva, so gjev dette ein styggj gul lit på kjøtet og det er mest uselgjeleg ei tid

2
Har aldri høyrt at kyr som fekk mykje skav fekk svart kjøt.

3 Dersom ei ku fekk skav og sveig som hjelpefor so var mjölki mest normal. Men dersom skav og sveig var hovedfôret, so kunde mjölki verta leisk og leitter og farleg for småa grisar. Serleg i eldre tid då dei tok smågrisen frå movi då dei var 8 dagar gamle.

9702

2

Det var ospemork og raunemork som var skarpast

4

Sjå svar 4 i svarlista m. 7.

5

Skavl vart ikkje nytta anna då me skav borken av bjørkestaur og orrestaur og tre som skulde nyttast til hesjamateriale, og det var i skogen. Ein skavl hadde handtak av tre og ein bøygd kniv som var slipt og kvast

Skavl vart berre nytta til å skava av staur og tre, serleg i skogetidi

Dei nytta ogso skavl til å skrapa av gamal laus bork på gamle apler i frukthagen.

Onsdag 30-6-1954 var eg på kontoret på Folkemuseet på Bygdøy. Der såg eg teikning av ein skavl frå eit museum i Telemark ?. Denne teikning var lik skavlen me hadde heime i 1900, so eg teiknar ikkje opp noko skavl.

6

Me nytta gamle ljå til å skava med

Hogde opp askeveden i lengdi på 50 cm. Bar den inn i gamlastova og la

9702

marki i la.
Om kvelden samlast ein
Karane for å marka
Han godfar – (Far-far). Kvista
kvar kjepp med ei liti øks eller
med ein lauvkniv.
Han Far eg og gjerne ei syster
eller brór skov av borken
Me hadde eit stytta til
å leggja skavljåen burtåt.
Dersom bandalaget stod på
plass nytta han Far detta.
Me andre sette ein kjepp
nede til hal i arbeidsbenken som stod frammed
glaset. Dei skavne kjeppina kallast
sprek. Dei turka snart og brann lett.

7

Har aldri høyrt at nokon
leigde markaskog.

8

Det var ofte slik at ein
mann åtte markaskogen
dv. ask, alm og raune.
Ein annan skalleskogen
og ein tredje resten av
skogen.
Jordi, marki var so
sameiga.
Detta fyrekjem endå der
utmarki ikkje er
utskift

9

Det har ikkje vore
almenning i Kvam

9702

4

10
Ja. dersom det var avtala i festesetelen då plassen vart bygsla.

11
Har inkje havt gjete Skaotella

12
Ukjennt

Øystese 10 Juli 1954.

Jarde H. Vik